

Driftsbudsjett (annuum) for Institutt for framandspråk 2018

	TILDELINGAR	UTGIFTER/INNETEKTER
3. inntekter		
Støtte frå den italienske ambassaden		-95 000
Frikjøpsmidlar Noregsuniversitetet		-150 000
4. Varekostnader		
Datautstyr og audiovisuelt utstyr		300 000
5. Løn	795 250	
Vikarar og assistentar til undervisninga		1 600 000
Vikarbruk finansiert av Noregsuniversitetet		150 000
Eksamenssensur heile 2018		1 150 000
Programsensur		120 000
Sakkunnigkomitear		20 000
Støtte til feltarbeid master		50 000
Kompensasjonstillegg		15 000
Gåver, tilstellingar, kaffi mm, tilskot til doktormiddagar		100 000
6.-7. Andre driftskostnader	3 471 000	
Instituttstøtte forskning og publisering (jan)		300 000
Instituttstøtte forskning og publisering (mars)		0
Instituttstøtte forskning og publisering (ad hoc)		50 000
Premiering av publisering		0
Utanlandsopphald for stipendiatar		100 000
Gjesteforelesarar		50 000
Språkvask		50 000
Fagutval og studentarrangement		25 000
Individuelle driftsmidlar (3000 pr. fast tilsett)		120 000
Driftsmidlar instituttleiar		60 000
Driftsmidlar forskingskoordinator		20 000
Driftsmidlar undervisningskoordinator		20 000
Bruk av midlar frå Sporveugleprisen 2017		25 000
Forskarskulen i språk (lokal)		10 000
Forskarskulen TBLR (lokal)		20 000

Forskarskulen TBLR (nasjonal), årsavgift		35 000
Administrativ kompetanseheving		40 000
HMS-tiltak (inkl. instituttkonferanse)		200 000
Utgifter til lokale og reingjering		20 500
It-utstyr (småutstyr), lisensar o.l.		53 000
Kontormøblar mm		57 000
Kontorrekvisita		43 000
Trykksaker, kopiering		27 000
Bøker til undervisninga		33 000
Porto		18 000
Diverse reiseutgifter		153 000
Gåver		5 000
Interne møte og samlingar, representarsjon		130 000
Aviser, tidsskrift		7 000
Andre utgifter		58 000
8.-9. Anna		
Overhead Nasjonale prøvar i engelsk		-424 900
Overhead læringsstøttande prøvar i engelsk		-213 500
Frikjøpsmidlar Aldringsprosjektet		-162 900
Overhead Aldringsprosjektet		-141 800
Overført frå Nettarabisk for undervisning		-100 000
Overhead andre prosjekt		10 000
Kopieringsutgifter		270 000
Telefonutgifter		170 000
Godskrive sal av utstyr		-10 000
Andre utgifter		10 000
TOTALT	4 266 250	4 396 400

Tabellen over viser driftsbudsjettet, det såkalla annuum, for Institutt for framandspråk i 2018. Kollonna til venstre viser løyvingane frå fakultetet. Kollonna til høgre viser budsjetterte utgifter og inntekter ved instituttet (minus framfor eit tal i kollonna heilt til høgre tyder at det er ei inntekt).

Det som er utanfor driftsbudsjettet

Utgiftene til *faste stillingar* er dekkja over fakultetsbudsjettet og derfor ikkje med i budsjettet over. Instituttet har i tillegg ein del *interne prosjekt*, og dei går heller ikkje inn i driftsbudsjettet. Dei viktigaste interne prosjekta våre er dei ulike vidareutdanningstilboda og dessutan driftsmidlane stipendiatane har til rådvelde. Til sist vi *dei eksterntfinansierte prosjekta*. Dei viktigaste er for tida Aldringsprosjektet (NFR), dei nasjonale prøvane i engelsk (Utdanningsdirektoratet) og dei læringsstøttande prøvane i engelsk (Utdanningsdirektoratet). Dei eksterntfinansierte prosjekta ligg naturlegvis utanfor instituttet sitt driftsbudsjett, men, som det går fram av tabellen over, dei verkar positivt inn på driftsbudsjettet gjennom overføring av overhead-inntekter.

Den vidare gjennomgangen nedanfor konsentrerer seg om driftsbudsjettet.

I. Resultatet i 2017

Driftsbudsjettet ved IF i 2017 vart avslutta med eit overskot på 478 442 kroner. Sidan det er ei maktsgrense for overføring til neste år (5 prosent av tildeling), får instituttet overført 254 000 kroner til driftsbudsjettet i 2018. Dei resterande 224 442 kronene blir trekt inn av fakultetet. Ein vesentleg faktor bak det brukbare overskotet i 2017, er overhead-inntekter frå eksternfinansierte prosjekt på over 800 000 kroner. Tek ein med frikjøpsmidlar, blir den samla «BOA-påverknaden» i driftsrekneskapen for 2017 på rundt 1 million kroner. BOA-påverknad er altså det den ordinære instituttøkonomien får tilført av midlar frå eksternfinansierte prosjekt.

2. Budsjettet for 2018

Det humanistiske fakultet har ein krevjande økonomi med sterkt fokus på innsparingar. Også instituttbudsjettet til IF er stramt. Vi hadde forventa ein romslegare økonomisk situasjon i 2018, basert på at vi hausten 2017 vart forespegla at det var eit stort oppsamla overskot knytt til dei nasjonale prøvane i engelsk. Fakultetet kalkulerte med eit oppsamla overskot på rundt 3.5 millionar kroner, og skisserte at dette skulle delast likt mellom instituttet og fakultetet. Overskotet var òg kommentert i styringsdialogen mellom fakultetet og instituttet i november. Først i januar i år fekk vi informasjon frå fakultetet om at det likevel ikkje er eit overskot, og at informasjonen vi fekk hausten 2017 baserte seg på ein feil i prognosane.

Dette skiplar ein del av planane instituttleiinga hadde lagt for 2018: Ordninga med individuelle driftsmidlar basert på publiseringspoeng blir utsett, det er heller ikkje midlar til ei ny utlysing av forskings- og publiseringsmidlar i mars, vi har skore ned på fleire andre postar og bruken av vikarar må framleis haldast på eit minimum. På den andre sida er det likevel rydda rom for ein del viktige tiltak: instituttet har tildelt 300 000 kroner i individuell forskings- og publiseringsstøtte, vi reknar med å tildela i underkant av 100 000 til utanlandsopphald for stipendiatar og vi gjennomfører for første gong ei stor todagarssamling for heile instituttet med søkjelys på satsingsområde innan forskning og utdanning. Driftsbudsjettet for 2018 er klart strammare enn vi hadde sett for oss, men det er ikkje noko krisebudsjett.

Når den økonomiske situasjonen er såpass tolerabel som han er, heng dette i stor grad saman med at vi har redusert utgiftene til vikarar og timelærarar samstundes som vi får temmeleg store inntekter frå dei eksternfinansierte prosjekta. Prognosane frå fakultetet viser at vi i 2018 vil få cirka 800 000 i overhead-inntekter frå dei tre store eksternfinansierte prosjekta våre (Aldringsprosjektet, Nasjonale prøvar og læringsstøttande prøvar). Inntektene frå eksternfinansiering er dermed blitt ei viktig søyle i instituttøkonomien, og vi kan rekna med tilsvarande inntekter dei næraste åra. Greier vi å få fleire store eksternfinansierte prosjekt framover, kan det styrka økonomien endå meir.

Budsjettet over er altså gjort opp med eit underskot på litt under 150 000 kroner. I tillegg må vi forventa at instituttet ved årsslutninga får ein utgiftspost på grunn av sosiale kostnader. I 2017 var denne siste utgiftsposten på 490 000 kroner. Ut frå erfaringane tidlegare år, reknar vi likevel med at underskotet reelt sett vil bli mindre ved slutten av året enn desse tala kan tyda på. Dette heng m.a. saman med eit forventa underforbruk på nokre postar, kanskje er òg BOA-påverknaden sett litt for lågt, og det er realistisk at vi vil få enkelte mindre inntekter utover i året, som vi ikkje er kjende med no.

3. Økonomiorienteringar framover

Institutttrådsmøtet 14. mars: gjennomgang av budsjett og økonomi for dei interne prosjekta (vidareutdanninga mm)

Institutttrådsmøtet 9. mai: oppdatert orientering om driftsbudsjettet

Tidleg i mars, juni, september og november: fakultetet sender ut oppdaterte rapportar til dei IF-tilsette om øyremerkte midlar (Meltzermidlar, støtte til forskning og publisering, individuelle driftsmidlar/bokpengar, mm).

Framlegg til vedtak: Instituttrådet tek orienteringa om rekneskapen for 2017 til vitende og godkjenner det framlagde driftsbudsjettet for 2018.

Åse Johnsen,

Instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,

administrasjonssjef